

Protokoll frå revisjonsutvalsmøte i Helse Vest RHF

DATO: 17.06.2016

MØTESTAD: Helse Vest RHF, Forus

Utvalsmøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå utvalet

Gunnar Berge	Leiar
Lise Karin Strømme	Medlem
Tone Berntsen Steinsvåg	Varamedlem

Forfall frå utvalet

Olin Johanne Henden	Medlem
---------------------	--------

Deltakar frå administrasjonen

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Forfall frå administrasjonen

Eigardirektør Ivar Eriksen

Deltakarar frå internrevisjonen

Leiar for internrevisjonen Bård Humberset (sekretær for komiteen)
Internrevisor Haakon Totland

Sakliste:

Sak 16/16 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 17/16 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.04.2016
Sak 18/16 O Status frå internrevisjonen
Sak 19/16 O Internrevisjonsrapport – Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt
Sak 20/16 O Internrevisjonsrapport – Internkontroll i TSB-institusjonar
Sak 21/16 O Oppfølging av internrevisjon av bierverv
Sak 22/16 O Kommande møte og andre saker
Sak 23/16 O Eventuelt

Sak 16/16 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

Sak 17/16 B Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 04.04.2016

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet godkjenner protokollen frå møte 04.04.2016

Sak 18/16 O Status frå internrevisjonen

Oppsummering:

Leiar for internrevisjonen gjekk gjennom utsendt statusrapport om framdrift i gjennomføring av revisjonsplanen. Det blir lagt opp til to revisjonsprosjekt resten av 2016, noko som betyr at berre eitt prosjekt står att i å svare ut prosjekta i revisjonsplanen for 2016 og 2017.

Det blei lagt fram mandat for dei to nye prosjekta: Tilskot og regionalplanar.

Til det siste legg revisjonsutvalet til grunn at det blir gjort eit utval av planane som blir gjenstand for revisjon. Revisjonsutvalet uttrykte òg at revisjonen bør konsentrere seg om kliniske planar, og planar som femner fleire eller alle helseføretak. Utvalet blir orientert om val av planar på neste møte.

Vidare drøfta utvalet orienteringa frå internrevisor om korleis ein ser for seg å gjennomføre ekstern kvalitetskontroll av internrevisjonen sitt virke. Utvalet ser positivt på at internrevisjonen tar dei steg som er nemnt i saka, i eit samarbeid med to andre helseregionar, og med bruk av innleidd instans utanfor helseregionane som del av utviklings- og stadfestingsprosessen.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 19/16 O Internrevisjonsrapport – Planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt

Oppsummering:

Internrevisor Haakon Totland gjekk gjennom revisjonsrapporten. Hovudkonklusjonen er at føretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventa gevinstar i høve planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

Utvalet understreka at rapporten har ein god timing sett opp mot alle dei prosjekt som nå er undervegs i helseføretaka. Utvalet såg òg at rapporten ville ha relevans for styresaka om utviklingsplanar på kommande styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Revisjonsutvalet ser dette arbeidet som spesielt betydningsfullt i lys av dei omfattande planane som er under utarbeiding i alle føretak i Helse Vest.

Sak 20/16 O Internrevisjonsrapport – Internkontroll i TSB-institusjonar

Oppsummering:

Leiar for internrevisjonen Bård Humberstet gjekk gjennom revisjonsrapporten. Hovudkonklusjonen er at dei private TSB-institusjonane har etablerte kvalitetssystem som gir tiltru til at dei oppfyller krava i

forskrift om internkontroll i helse- og omsorgstenesta. Det ligg føre eit visst rom for forbetring knytt til innhald og praktisering, og til Helse Vest RHF si oppfølging.

I revisjonsutvalet si drøfting kom det fram at sjølv om det er primærhelsetenesta som har størst ansvar for å gi tilbod om individuell plan, så må òg institusjonane i spesialisthelsetenesta orientere pasientar om deira rettar og initiere at det vert sett i verk ein prosess for utarbeiding av IP. Utvalet ga tilbakemelding på at det var positivt at institusjonane hadde fått individuelle tilbakemeldingar i tillegg til det som går fram av revisjonsrapporten.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som RHF-et og TSB-institusjonane sett i verk.

Sak 21/16 O Oppfølging av internrevisjon av bierverv

Oppsummering:

Internrevisjonen har innhenta oppdaterte statusvurderingar frå helseføretaka på gjennomføring av dei handlingsplanane som vart utarbeidde hausten 2015 ved behandlinga av revisjonsrapporten om bierverv. Internrevisjonen si vurdering er at alle statusrapporteringane svarer ut dei tilrådingane internrevisjonen kom med.

Utvalet merker seg at tematikken no ser ut til å bli fast punkt i medarbeidarsamtaler. Elles noterer utvalet seg òg at dette er eit felt som ein nok må ha jamleg oppfølging av.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 22/16 O Kommande møte og andre saker

Oppsummering:

Det kom ikkje fram endringar i møteplanen. Neste møte blir i Bergen 1. november som tidlegare avtalt.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet tar saka til orientering.

Sak 23/16 O Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

17.06.2016

Ref. Bård Humberset

Gunnar Berge (Leiar)

Tone Berntsen Steinsvåg (Medlem)

Lise Karin Strømme (Medlem)